

Avslutt rådhusprosjektet og flytt tilbake

RÅDHUSET

KRISTIAN FUGLSETH

Folkelista for Hareid kommune

Folkelista røysta for at Hareid kommune må sjå seg ferdige med renovering av rådhuset i denne omgang, og bør avslutte det faktiske prosjektet dei starta på. Tittelen på saka då vi løyde midlar til dette i fjor var skifte av himlingar og lysarmaturar med pcb. No er dette gjort – ein har i tillegg fått bygd om ein del kontor som ikkje var godt tilrettelagde, m.m. Det vert fint – ein god arbeidsplass – mykje betre enn andre kommunale arbeidsplassar.

Utanom Marit Øien Sæverud og Kjartan Snipsøy i KrF, samt Folkelista, røysta FrP, H, Ap og V for at byggenemnda skal ta rådhussaka vidare. Då vil byggenemnda be om eit nytt overslag over fleire kostnader – og setje i gang meir oppussing. Dette er ikkje berre feil bruk av

pengar, det er pengar vi ikkje har. Vi har ikkje meir pengar etter ferien enn det vi har no.

Oskar Grimstad og fleire andre var titte på talarstolen og snakka om tilskot for energisparing, solceller og mykje meir. Dette er ei total avsporing. Tilskotet vi fekk i Enova-midlar er ikkje meir enn tre prosent av rådmannen sitt dyraste forslag til oppussing. I tillegg skal vi betaile fleire hundretusen ekstra i husleige til HG som rådmannen klart svara at det ikkje var dekning i budsjettet for. Dei energitiltaka som Grimstad og andre nemnde ville ta 27 år i tene inn att, svara rådmannen.

Når saka kjem opp att i byggenemnda, vil einaste fornuftige løysing vere å starte oppryddinga og få dei tilsette i normalt gjenge att. Pengane til rådhus er brukt opp. No kan vi heller konsentrere oss om mange av dei andre prosjekta vi har sett i gang – idrettshall, helsehus, omsorgsbustader, m.m.



HAREID 1954: Huset til høgre er Jønsson-huset som seinare var løfta av grunnmurane og flytta litt nærmere Hareid sentrum. På motsett sida av vegen ligg Holstad trevarefabrikk. FOTO: FLYFOTOARKIVET

Loftet på Jønssonhuset var eit heilt univers



HAREID PÅ FEMTITALET - SETT NEDANFRÅ

Dagrun Kvammen

(f. 1948) fortel om oppvekst i Hareid på 50-talet.

Del 1 av 5

var i 1955 og vi hadde såvidt begynt på skule. Hareid var sentrum i verda. Bygda hadde eit mangfoldig næringsliv som vi automatisk lærde å kjenne etter kvart som vi vaks til og rak rundt i bygda i ein stadig aukande radius. På Lallfabrikken (kjøkeninnrering m.m.), rett over vegen for fotograf Jønsson, fekk vi avkappa treklossar til leikehusa våre. På Hadar tigga vi stoffbitar til dokkeklede, tynne tekstilar av finaste slag til nattkjolar og underty. På Hareid Bruk kunne det vanke møbelstoff som blei til tepper av ymse slag som pynta opp i lekestovene våre.

Eg og Solfrid, venninna mi,

hadde dei finaste og største lekestovene på Hareid. Det hadde seg slik at ein gong ut på femtitalet flytta fotograf Jønsson huset sitt, eit lite, men svært så koseleg hus, over på ein ny grunnmur. Heile huset vart lyfta opp av ei diger kran og sett ned igjen på ein ny grunnmur på nabotomta. Den nye grunnmuren var større enn det gamle huset, og det blei tilbygg i to fulle etasjer med loft. Fotoatlieet med butikk fekk heile første etasje, familien Jønsson breidde seg ut i andre og den fantastiske romkjensla resulterte raskt i familieauke. Bestemor Jønsson som hadde budd på loftet i gamlehuset

sjonen, politikarane ta det herfrå å få realisert rehabiliteringa og fullføre dette utan meir dikkedarier. Sette det i stand til det Ikonbygget det er for dei neste 25 åra...

HAREIDSKVINNE

ARBEIDARRØRSLA

1. mai

1. mai er den internasjonale kamp- og solidaritetsdagen for arbeiderbevegelsen. Dagen markeres i mange land. I Norge var det stor deltagelse i tog og i møter. Sylvi Listhaug på sin side mener at Frp. er det virkelige arbeiderpartiet. Hun har den meget konservative Margaret Thatcher som sitt forbilde. Thatcher er beryktet for sin fagforeningsknusing. Frp. i regjering prøver også på dette med bl.a. uthuling av Arbeidsmiljøloven. Listhaug hopper over at det er en sterk fagbevegelse som er hovedårsaken til at vårt land har et godt velferdssamfunn. Hun er virkelig utstyrt med frekkhetens nåde-gaver.

Flø 3. mai 2018

TORHILD JEVARND KJØSS

Medlem av SV

Det er lenge sidan. Det var før eg hadde tatt ferga til Ålesund til tyske verb og moderne poesi. Det var lenge før eg begynte å tvile på det meste. Det var i den tida då vi tenkte framover eller bakover. Vi berre var her og no, eller rettare sagt der og då. Tida låg som ei uendelig evl framom oss, vi tenkte sjeldan langt fram. Vi hadde nettopp begynt å sette årstalet på papiret, det